

**Furuknap Brita G.**

**Fra:** Bjørg Skahjem [bjorg.skahjem@aurland.kommune.no]  
**Sendt:** 7. november 2005 17:02  
**Til:** Postmottak BFD  
**Emne:** Framlegg til revidert rammeplan for barnehagen - høyring

|                      |            |
|----------------------|------------|
| BARNE- OG FAMILIETEN | NR. 330.01 |
| - 8 NOV 2005         |            |
| 2005/03580           | SIGN:      |

- 167

\*\*\*\*\*

e-posten er viruskontrollert, men ver varsam likevel!  
This e-mail has been scanned for virus, but be careful!

\*\*\*\*\*\_\*\*\*\*\*

Syner til dykkar brev av 07.09.2005 vedkomande høyring på framlegg til revidert rammeplan for barnehagen.

Vedlagt følgjer saksutgreiing med tilråding frå rådmannen. Forvaltningsutvalet skal handsama saka den 28. november, og endeleg vedtak vert ettersendt.

Papirutgåve av saksframlegget vert og sendt pr. post.

Med venleg helsing

Bjørg Skahjem

tlf. 57 63 33 17, mob. 95 78 14 44.

<<2005004808\_7256\_O.doc>>



## Sakspapir

| Saksnr. | Utval               | Møtedato |
|---------|---------------------|----------|
|         | Forvaltningsutvalet |          |

Arkivsaknr.:  
05/1449-3

Arkiv  
K2-A10, K3-&13

Sakshandsamar  
Björg Sannerud Skahjem, 57 63 33 17  
Saksansvarleg: Claus Røynesdal

Dato  
07.11.2005

### Framlegg til revidert rammeplan for barnehagen - høyring

#### Kort samandrag

Tidlegare har forvaltningsutvalet gjeve høyringsuttale på ny lov for barnehagane. No er rammeplanen for barnehagane ute på høyring. Frist for uttale er 7. november. Vi har fått løyve til å ettersende høyringsuttale i etterkant av handsaming i forvaltningsutvalet 28.11.05.

Ny lov om barnehagar tek til å gjelda frå 01.01.06. Det same gjeld revidert rammeplan. Rammeplanen er ei forskrift til barnehagelova. Det er rammeplanen som gir retningslinjer for oppgåver og innhaldet i barnehagane. Rammeplanen er dermed eit arbeidsverktøy for personalet i barnehagen, barn, foreldre og kommunen som barnehageeigar.

Den reviderte rammeplanen er vesentleg forkorta i høve den som kom ut i 1995. Strukturen er endra, og fokuset på personalet sin kompetanse til å utføre arbeidet er auka. Fagområda er auka frå fem til seks, der filosofi og fokus på kropp, rørsle og helse er nye punkt i høve den gamle planen. Særleg omtale av fagområda er kutta mykje i høve tidlegare, og vi ventar at som kompensasjon vert det utarbeida temahefte som utdjupar og definerer det einskilde område.

#### Rådmannen si tilråding:

Forvaltningsutvalet sluttar seg til vurderingane av framlegg til revidert rammeplan slik dei ligg føre i saksframlegget.

#### Vedlegg:

##### Vedlegg:

|            |                                          |
|------------|------------------------------------------|
| Dok.dato   | Tittel                                   |
| 14.10.2005 | HØRINGSNOTAT_-rammeplan_7._september.doc |

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Lov om barnehagar

Rammeplan for barnehagane

## Saksutgreiing

I historisk samanheng er barnehagen etter tilhøva ein rimeleg ny samsfunnsinstitusjon. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til at barnehagen har vorte ei av dei viktigaste tenestene kommunane kan gje føresette tilbod om. Arbeidslivet har etterkvart utvikla seg slik at det er naudsynt at foreldre får plass til borna ei barnehage. Like viktig er barnehagen som arena for omsorg, trivsel og personleg utvikling for kvart einskild barn. Barnehagen skal være ein læringsarena, ein oppsodingsarena og ein omsorgsarena. Dei tilsette i barnehagen skal medverka til at borna får ein god barndom.

Rammeplanen er det konkrete verktøyet som peikar på kva ein skal gjere, og korleis ein skal løyse oppgåvene i barnehagen. Den første rammeplanen for barnehagane kom så seint som i 1995. 10 år etter er tida moden for å revidere rammeplanen.

## Økonomiske konsekvensar

Når den nye rammeplanen skal innførast, må kommunen rekna med å ta sin del av kostnadane ved kompetanseheving for tilsette i barnehagane. Kor stort beløp ein bør gå inn med, er avhengig av korleis ein vil arbeide med rammeplanen, kva samarbeid som er aktuelt med grannkommunane, eventuelt regionen, og kor mykje midlar som kjem frå staten til kvar kommune. Det vert fremja eiga sak om kompetansemidlar.

## Vurdering

### Generell vurdering:

Det store spørsmålet er: **Korleis** skal kommunane og personalet gjere jobben? Ordet ”skal” vert nytta 111 gonger på 29 sider, ordet ”må” er brukt 78 gonger medan ordet ”bør” vert nytta 13 gonger. Altså: Vi skal, må og bør. Men korleis skal vi gjere jobben i ei hektisk og krevjande kvardag? Sjølv sagt skal ei forskrift innehalde ”skal” formuleringar. Det skulle berre mangle. Men ein hadde hatt lov til å håpe – at når omsider ei ny rammeplan for barnehagane ligg føre – så vart det peika konkret på korleis ein meinte at jobben skulle utførast. Kanskje dette vert klårare i temahefta som er signalisert at skal utarbeidast i tillegg til sjølve rammeplanen?

Framlegget til ny rammeplan er skrevet på bokmål. Ordet ”samisk” er nytta heile 32 gonger. Ordet ”nynorsk” er ikkje nemnt ein einaste gong. Kvifor? Noreg har to likestilte målføre, bokmål og nynorsk. Likevel slår departementet om seg med vurderingar av kor viktig det er med lokal identitet for borna, og kor viktig det er med å spele på lag med dei lokale ressursane i kulturen generelt. Språket er ein viktig del av den kulturelle identiteten. Vi ventar difor i spenning på ny rammeplan i nynorsk språkdrakt.

Den nye rammeplanen skal ta til å gjelde frå 01.01.06, samstundes med den nye lova om barnehagar. Det er veldig kort tid, og verken personale, foreldre eller politikarar har tid til å setja seg godt nok inn i dei nye planane. Midlar til kompetanseoppbygging i samband med innføringa av nye planar i barnehagane er nærast fråverande, sett i høve til skulen og midlar til innføringa av ”Kunnskapsløftet”. Er det eit godt signal å gje til dei som arbeider med dei minste borna? Er deira arbeid framleis mykje mindre vert enn det som vert gjort i skulen? Den nye rammeplanen stiller enno sterkare krav til god planlegging, evaluering og dokumentasjon enn den gamle. Born og foreldre skal verta meir aktive aktørar i dette arbeidet. Tidsklemma kjem godt til syne under slike forhold, alt skal verta pressa inn i ”kontortida” mellom kl 8.00 og 16.00. Samstundes skal kvaliteten på det som skjer i barnehagen auka. Fagleg påbygging er naudsynt for å koma alle krava i møte. Kvifor vert ikkje innføring av ny rammeplan sett som like viktig som ny læreplan for skulen? Personalet i barnehagen er samansett av førskulelærarar, fagarbeidarar og ufaglærte, der dei to siste gruppene er i fleirtal. Dess større grunn skulle ein tru at det skulle vera til å drive kompetanseheving innafor barnehagesektoren.

### Kapittel 1. Barnehagen sine oppgåver i samfunnet

”Barnehagen har ein viktig plass som oppvekstarena for barn under opplæringspliktig alder og som velferdstilbud for småbarnsforeldre.” Første setning i kapittel 1. Ved bruk av termen ”barn under opplæringspliktig alder” kan ein få kjensla av at dette er ei gruppe som ikkje er like viktig som barn som har byrja på skulen. Denne kjensla vert ytterlegare forsterka av uttrykket ”som velferdstilbud for småbarnsforeldre”. Ja, barnehagen kan sjåast som eit velferdstilbod for foreldra, men barnehagen er og ei verksemd som skal driva med pedagogisk opplegg for barna, jamfør §2 1. ledd i lova. Barns læring er i gang allereie før fødselen. Grunnlaget for vidare læring i skulen vert lagt i barnehagealder, barnehagen er difor ei viktig arena for læring. Ved å nytte omgrepet ”velferdstilbod” kan det verta oppfatta som signal om at barnehagen er ein grei plass å ”oppbevare” barna mens foreldra er på arbeid, utan å ta barna sitt perspektiv og sjå deira behov.

Noreg har vorte eit fleirkulturelt samfunn. Samfunnet er lagt meir samansett enn tidlegare, og det er difor trong til at barnehagen vert ein god integreringsarena for born med ulike kulturbakgrunn. Det vert fokusert på det samiske urfolket og deira behov for å ivareta sin kultur. Kvifor vert ikkje andre minoritetskulturar framheva som likeverdige med dei? Tek ein høgde for at om lag 50% av alle ekteskap endar med skilsmisse, peikar ein samstundes på barnehagen si viktige rolle som oppdrags- og omsorgsfunksjon. For mange born er barnehagen den viktigaste sosiale arenaen. Departementet har heilt rett i at barnehagen er ein framifrå viktig kulturberar – og kulturformidlar. Difor vert det ekstra påfallande at ein ikkje i det heile legg vekt på språket som identitets- og kulturberar.

### Kapittel 2. Grunnleggjande omgrep og prinsipp

Kapittelet burde delast opp. Kapitlet omfattar både forhold kring borna, samarbeid med foreldre/føresette, arbeidsmåtar, innhald og fysiske forhold.

Barndommen er ein viktig livsfase med eigenverd. Det vert peika på at småbarnsalderen er ein omsorgs- og læringsintensiv periode i barnas liv. Læringa skjer gjennom lek og aktivitet på ulike arenaer gjennom heile livet. Difor må barnehagen leggja til rette for variert, utfordrande og stimulerande læringsmiljø. Positivt at læringsomgrepet er tolka vidt, og verdien av læring gjennom daglege gjeremål vert verdsett.

Barns rett til medverknad i barnehagen er no lovfesta. Barna skal ha høve til både å koma med innspel til aktivitetar og evaluere det som skjer i barnehagen. Dette krev at personalet har tid, evne og vilje til å samtala med barna, få tak i deira syn og implementere det i planar og vurderingar. Vil dagens bemanningsnorm vera tilstrekkeleg for å kunne ivareta denne retten?

Rammeplanen utdjuar lova sine føringar på samarbeidet mellom foreldre/føresette og barnehagen. Sentrale omgrep i den samanheng er forståing og samarbeid mellom heimen og barnehagen. Det kan oppstå situasjonar der barns lovbestemte rettar kan koma i konflikt med foreldra/føresette sine verdiar og tankesett. Barnehagen er forplikta på si side til å oppfylle rammeplanens krav og sørgja for at barna sine rettar vert hevda, samstundes som det skal visast respekt for foreldra og deira prioriteringar. Her vil kulturforskjellane lett kunne verta synlege, spesielt i forhold til religion og livssyn. Utfordringar i samband med samarbeid mellom barnehagen og foreldre med anna morsmål enn norsk vert ikkje nemnt. Personalet treng rettleiing og kunnskap for å kunne koma foreldra sine behov for oppfølging og rettleiing i møte.

### Kapittel 3. Barnehagen sitt verdigrunnlag

Formålsparagrafen legg vekt på dei kristne grunnverdiane barnehagen skal driva i tråd med. Desse vert nærare definert som ”medmenneskelighet, nestekjærlighet, tilgivelse, menneskeverd, likeverd, ansvar for fellesskapet, ærlighet og rettferdighet”. Dette er verdiar som ein ventar å finne som grunnhaldning hjå dei fleste menneske, uavhengig av religion og livssyn. Den gylne regel; ”Alt det du vil at andre skal gjera mot deg, skal du gjera mot dei”

seier vel det meste om korleis vi ønskjer at samhandlinga mellom oss menneske skal vera. Det handlar i grunn om likeverd og respekt for at vi er ulike. Difor meiner vi at her bør det nyttast ei anna formulering enn ”kristne grunnverdiar”. Formuleringa bør inkludere og respektere alle uavhengig av religion og livssyn. Slik formuleringa står no provoserer den foreldre som ikkje har eit kristent livssyn. Det kan oppstå konflikter når foreldre sin suverene rett til å oppdra sine barn i tråd med si religion eller livssyn byrjar å setja klare grenser for kva barnet deira kan vera med på av aktivitetar i barnehagen si regi. Kor går grensa mellom foreldre sin rett til å bestemma over barnet, i høve barnet sin rett til å verta kjent med kulturen i samfunnet det veks opp i? Barnehagen har tradisjonar som går langt attende i tid, nokre av dei har forankring i typiske kristne kulturuttrykk, andre er meir livssynsnøytrale og representerer tradisjonar i lokalsamfunnet. Kor går grensa mot religiøs og kulturell diskriminering? Barnehagen skal lære barn om tro og verdiar. Rammeplanen framhevar særskilt høgtidene som vert feira i kyrkja. Det er sterkt ønske om å få nærare utgreiing om korleis barnehagen skal arbeide i tråd med formålsparagrafen. Det bør finnast nokre konkrete retningslinjer som dei ulike religionane/livssyna kan einast om.

Rammeplanen skal vera gjeldande for alle barnehagar, men private barnehagar skal kunne fristilla seg frå formålsparagrafens andre ledd; ”Eiere av private barnehager kan i vedtektene bestemme at andre ledd ikkje skal gjelde”. Kva med kommunar som har ein stor del innvandrargrupper med anna religiøs og kulturell identitet? Det kan hende at ei avdeling i ein kommunal barnehage har stort fleirtal av barn med innvandrarakgrunn og eit anna livssyn enn det kristne. Foreldre skal fritt kunne velje barnehage for sitt barn. Små stader utafor tettbygde strøk har kanskje berre ein barnehage. Difor bør verdigrunnlaget for barnehagen vera tilpassa slik at alle kan føle seg heime innafor formålsparagrafen uavhengig av religion eller livssyn.

#### Kapittel 4. Omsorg og oppseding

Barn skal verta møtt med omsorg, dei skal lære å vise omsorg. Barn skal opparbeide seg sosial kompetanse – dei skal verta trygge og sjølvstendige individ som kan ta omsyn og ansvar for sine medmenneske, vera aktive aktørar i eit sosialt fellesskap. Omgrepet ”sosial kompetanse” vart mykje nytta i den gamle rammeplanen, men no er det heilt vekke, sjølv om det er dei same eigenskapane som vert omtala i dette kapittelet. Oppseding – eller ”oppdragelse” er for mange eit negativt lada ord, der likeverdet mellom partane kan opplevast ubalansert, og gjev assosiasjonar til ovanfrå-og-ned-haldning, der den eine parten er meir verdt enn den andre. Sett i lys av barns lovfesta rett til medverknad i barnehagen bør ein kanskje nytta omgrepet ”danning” som har meir positiv klang.

Dei samiske barnehagane har fått eige underkapittel. Det er viktig å ta vare på urfolket sine rettar, men eigentleg bør vi kunne stille dei same krava til alle barnehagar og alle kulturane vi har i vårt fleirkulturelle samfunn. Alle har behov for å føle at dei høyrer heime i ein kultur og eit samfunn. For innvandarane våre er det viktig både å få ta vare på eigne kulturuttrykk og verta integrert i det norske samfunnet. Det er mange fellestrekk med det som står om det samiske samfunnet og innvandarmiljøa elles. Alle har krav på omsorg og inkluderande fellesskap, uavhengig av funksjonsnivå, kjønn, alder og kulturbakgrunn.

#### Kapittel 5. Leik og læring

Leiken har fått liten plass i denne rammeplanen i forhold til kor viktig den er for barn i barnehagealder. Det er og vanskeleg å skilja mellom leik og læring, då dette er ofte to sider av same sak i borna si aktivitet. Leiken vert nytta både som pedagogisk verkemiddel og metode i arbeidet med barna, og er heilt sentral i arbeidet med denne aldersgruppa. Leiken som viktig aktivitet i seg sjølv må heller ikkje undervurderast.

Under punkt 5.3 vert det rekna opp ønska sosial dugleik og forståing barna bør tileigna seg. Dette omhandlar mykje det som vart kalla sosial kompetanse i den førre rammeplanen. Kvifor

er dette omgrepet no fjerna frå rammeplanen? Vi saknar eit underpunkt som omhandlar det å lære å takle konflikhtar og usemje på ein konstruktiv måte.

Leik og aktivitetar ute i naturen er noko norske barnehagar har lagt stor vekt på. Dette vert nemnt i den nye rammeplanen, men burde kanskje utdjupast meir i eit temahefte?

Barnehagen er ein viktig kulturformidlar i samfunnet. Særleg språket er viktig i dette arbeidet. Punkt 5.4 i rammeplanen omhandlar dette i veldig korte ordelag. Språk vert ikkje nemnt særskilt i denne omtalen, men ligg til grunn for mykje av kulturoverføringa, og burde få større merksemd i planen.

#### Kapittel 6. Barnehagen sine fagområde

I den nye rammeplanen er omtalen om kvart fagområde korta vesentleg ned. Dette medfører at dei som les rammeplanen må ha god bakgrunnskjennskap til dei ulike fagområda og kva ein forventar at det vert arbeidd med, jamfør måla for barna. Det positive er at det vert sagt noko om kva personalet må gjera for å oppnå måla. Slik vi oppfattar framlegget her er tanken at kvart fagområde får eit temahefte som gjev både betre innsikt i kva fagområdet er meint å famne om, og innspel til metodar, aktivitetar med meir. Slik fagområda i framlegget til ny rammeplan ligg føre har dei veldig kort innleiing i høve kor omfattande kvart fagområde eigentleg er. Dei som ikkje har grunnleggjande kjennskap til kva barnehagen driv med vil ikkje kunne få eit tilfredsstillande utbytte av å lese dette utan å få tilført utfyllande fagstoff. Slik sett var framlegget frå arbeidsgruppa meir informativt. Her ser ein at det vert konflikt mellom behovet for å ha ein kort, lett leseleg rammeplan og nok utfyllande faglege føringar. Rammeplanen skal vera arbeidsreiskap for både faglært og ufaglært personale, foreldre, politikarar, samarbeidspartar og andre interesserte.

Underpunkt 6.6 handlar om etikk, religion og filosofi. Her er igjen fokus på kristne grunnverdiar, kristne høgtider og tradisjonar i punkta for det barnehagen skal arbeide med. Andre kulturar si religion og høgtider vert nemnt i korleis arbeide i retning av desse måla. Syner til kommentarar under kapittel 3 vedkomande kristne grunnverdiar.

Filosofi er spanande innfallsvinkel som for mange vil vera ny i barnehagesamanheng. Her vil det vera mange som etterlyser kompetanseløft for å kunne innføre filosofi i barnehagen. Kor går grensa mellom ei funderande samtale og filosofi?

#### Kapittel 7. Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Krav til dokumentasjon, og då i andre omgang meir skriftleg dokumentasjon, aukar stadig. God planlegging, evaluering og dokumentasjon er tidkrevjande arbeid. Større vekt på at både born og foreldre skal vera aktive deltakarar i planlegging og evaluering krev nye måtar å arbeide saman på. Stadig større fokus på dette tek tid frå arbeidet med barna, og kan gå utover kvaliteten på tilbodet ein gjev på avdelingane.

Organisasjons- og kompetanseutvikling er nemnt i andre avsnitt under punkt 7.1. Dette er områder som burde få eige avsnitt i den nye rammeplanen. Nye krav til barnehagane kan og føra til behov for revidering av organisasjonsmodellane barnehagane er ein del av. Intern organisering skal vera i stadig utvikling. Viss vi skal utvikle god barnehage må vi byggja opp kompetansen hjå både personale, foreldre og politikarar. Alle må vera klar over kva "den gode barnehagen" inneber av krav til kompetanse på ulike område, og leggja til rette for at dei involverte får tileigna seg denne.

#### Kapittel 8. Samarbeid

Samarbeid med ulike instansar er heilt naudsynt for å utveksle og innhente informasjon, kompetanse, tenester, - generelt kunne gje eit godt barnehagetilbod.

Skule og barnehage må samarbeide godt kring overgang mellom barnehage og skule. Difor bør det stå i punkt 8.2, andre ledd at barnehage og skule skal gje kvarandre informasjon, og

ikkje berre bør gjera det. Det er dei same barna vi arbeider med, og det skulle berre mangle at vi ikkje hadde plikt til å utveksla informasjon og gjera overgangen mellom barnehage og skule så god som mogleg for det einskilde barnet. Det skal ikkje vera naudsynt å byrja frå start igjen når barnet tek til på skulen.

Under punkt 8.8 – andre samarbeidspartar – bør musikk- og kulturskulane verta nemnde. Barnehagane ønskjer og samarbeid med profesjonelle kulturformidlarar som Rikskonsertane, teatergrupper osb. Vi må heller ikkje gløyma organisasjonar med bakgrunn i vårt fleirkulturelle samfunn.